



# God tannhelse=god helse



## FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL Nytt frå fylkesmannen - Helse, sosial og barnevern Tilsynserfaringar

**Framtidas utfordringar i helse- og omsorgstenesta handlar og om tannhelse. Tannhelsetilstanden har blitt tydeleg betre for store delar av befolkninga. Hos eldre har det endra seg frå mange med uttakbare protesar til at fleire har egne tenner. Mange har og kosta på tennene mykje opp gjennom åra.**

### Førebygging

Ei av dei store utfordringane blir å førebygge sjukdom og problem i munnhula. Meir førebygging - mindre behandling.

Fylkeskommunen har ansvar for den offentlege tannhelsetenesta og skal organisere førebyggjande tiltak for heile befolkninga. Kommunen skal fremje befolkninga si helse, trivsel og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning. Kommunen har plikt til å legge til rette for samhandling mellom ulike deltenester innan kommunen og med andre tenesteytarar, der det er nødvendig for å tilby tenester omfatta av helse- og omsorgstenestelova.

### Endringar i tannhelse

Eldre på institusjon har ofte redusert helsetilstand og derfor nedsett evne til å ta vare på egne tenner. Det blir stadig fleire i høg alder som har egne tenner i behald. Det fører og til at det blir fleire eldre som har hull i tennene og fleire med tannkjøttjukdom. Det ser ikkje ut til å gjelde eldre som klarer å stelle seg sjølv (Samson, 2008 og Holst, 2004).

### Tannhelse sin innverknad på kroppen

Dårleg tannhelse kan føre til plager, smerte og problem med å ete. Det kan ha stor innverknad på ernæringsituasjon og livskvalitet. Sjukdomar i munnhula påverkar den allmenne helsetilstanden på same måte som anna sjukdom. Dårleg tann- og munnhelse er ein risiko for utvikling av andre sjukdomar ved at bakteriar spreies gjennom blodomløpet. Det kan til dømes føre til hjertesjukdom og hjer-neslag. Ved kroniske somatiske sjukdomar kan grunnlidninga eller medisinbruk på grunn av sjukdomen føre til auka risiko for tannskader og sjukdom i munnhula.

### Kompetanse og kunnskap

Mange pasientar/brukarar har behov for bistand til å ivareta munnhygiene. Det er ein føresetnad at helsepersonell har nødvendig kompetanse til å gi riktig tannstell, råd og rettleiing. Kvalitetsforskrifta for pleie- og omsorgstenestene plikter kommunane å utarbeide skriftlege prosedyrar for å sikre at den enkelte brukar av pleie- og omsorgstenestene

får tilfredsstillt grunnleggande behov som «nødvendig tannbehandling og ivaretatt munnhygiene».

Tannhelsetenesta har eit "følgje medansvar" for tannhelse til befolkninga og skal tilby opplæring og rettleiing av helsepersonell i kommunane slik at desse også kan ivareta tannhelse til eldre, langtidssjuka og uføre i institusjon/heimetenesta, psykisk utviklingshemma og rusmisbrukarar på best mogleg måte.

Kommunen skal sikre tilstrekkeleg kompetanse i tenestene og kommunane plikter å medverke til undervisning og praktisk opplæring av helsepersonell.

### Medverknad

God kommunikasjon mellom pasient/brukar og helsepersonell bidreg til betre resultat av behandlinga og betre helse for pasienten. God kommunikasjon skaper tillit, auka forståing og motiverer pasientar til å gjennomføre behandling og er også av avgjerande betydning for å unngå uønska hendingar og feil (St. meld. 10 God kvalitet – trygge tenester).

Fylkesmannen har ved enkeltsaker sett døme på manglande oppfølging av tannhelse til enkeltpersonar.

### Organisering /system

Kommunane må ha system for tilbakemelding på positive og negative faktorar som påverkar helse til folk, jf. folkehelseleva § 5 og helse- og omsorgstenestelova § 3-3. Helsepersonellova stiller krav om at verksemd som yter helsehjelp, skal organiserast slik at helsepersonellet blir i stand til å overhalde sine lovpålagte plikter.

### Oppsummering:

Fleire eldre har egne tenner, og det er behov for meir førebyggjande tiltak. Det må bli tydelegare fokus på tannhelse og auka kompetanse. God kommunikasjon og samhandling mellom alle nivå og brukar/pasient. Kommunane må sikre system for tilbakemeldingar på faktorar som påverkar helse og skriftlege nedfelte rutinar der dette er nødvendig.

# REDSUSERT EGENANDEL FOR KOMMUNALE HELSE- OG OMSORGSTJENESTER

Fylkesmannen i Møre og Romsdal minner om at det fra 1. juli 2014 ble en endring i forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester. Egenandelens størrelse ved langtidsopphold er endret for å sikre at beboere som uten selv å ønske det legges på dobbeltrom i kommunale institusjoner skal få redusert egenandel

[Les mer](#)

## EBOLA OG BEREDSKAP I KOMMUNANE

I samband med utbrotet av Ebola i Vest-Afrika tilrår Helseledningskontoret norske kommunar å gå gjennom sine smittevernplanar.

[Les meir](#)

## IPLOS E-LÆRING



E-læringsprogrammet om IPLOS er nå tilgjengelig på IPLOS hjemmeside.

PLOS er et nasjonalt helseregister som danner grunnlag for nasjonal statistikk for helse- og omsorgssektoren. Det brukes til dokumentasjon, rapportering og statistikk for kommunene og for statlige myndigheter.

[Les mer](#)

## NY DEMENSPLAN ER PÅ VEI

Når den nye demensplanen skal utformes, skal både personer med demens og deres pårørende få delta i utviklingen av planen, sier helseministeren.

Dagens handlingsplan for personer med demens, Demensplan 2015 "Den gode dagen", løper ut neste år. Derfor skal det nå settes i gang et arbeid med en ny plan.

I Dagsrevyen 21 sa helseminister Bent Høie (H) at også personer som har demens skal tas med i arbeidet for å utforme den nye planen.

Helseministeren kunne fortelle at flere av tiltakene i

dagens handlingsplan, som støtte til forskning, tilskudd til bygging av boliger for personer med demens og midler til opplæring av helsearbeidere, skal videreføres. Regjeringen vil bruke mer penger til dette arbeidet, men helseministeren ville ikke ut med mer om innhold og innretning før statsbudsjettet for neste år legges frem. [Les mer](#)



# Regional prosjektleder Aktivitetsvenn Møre og Romsdal.



Liv Synnøve Hoel, startet 11.august og stillingen er et fire årig prosjekt finansiert av TV- aksjonsmidlene. Liv skal jobbe med å etablere ordninger for frivillige som ønsker å bli aktivitetsvenn. Dette prosjektet er øremerket personer med demens.

Hennes grunnutdanning er sykepleier, med videreutdanning bl.a i nevrologi og emnefag i ledelse i folkehelsearbeid. Liv har allsidig arbeidserfaring som sykepleier, fra nevrologisk avdeling, hjemmesykepleie og på sykehjem. Sykepleier, sykepleieleder og prosjektleder. Gjennom utdanning og arbeid har hun hatt spesielt fokus på personer med demens.

Gjennom mange år har Liv erfaring fra frivillig arbeid innen idrett, sittet i styret og vært instruktør i barneidrett, arrangert skirenn, sykkelritt, løp og turneringer. Videre erfaring med aktiviteter for eldre i sykehjem; trimgruppe, dans, turer, lørdagskaffe etc.

Liv sier at det er fantastisk at hun nå kan jobbe for personer med demens, gjennom prosjekt Aktivitetsvenn. Dette gleder hun seg til og føler seg privilegert.

Liv sier videre at det blir spennende å møte mennesker rundt omkring i Møre og Romsdal som allerede gjør stor innsats for personer med demens og godt folkehelsearbeid. Helselagene, demensforeningene og mange flere. Sammen så skal vi jobbe for å skape gode øyeblikk for personer med demens og ett godt folkehelse arbeid. Nasjonalforeningen for folkehelsen arbeider for å bekjempe hjerte- og karsykdommer og demens; hjerte og hjerne hører sammen!

## **Kontaktinformasjon:**

Liv Synnøve Hoel

Regional prosjektleder Aktivitetsvenn

E.mail: [Liv.Hoel@nasjonalforeningen.no](mailto:Liv.Hoel@nasjonalforeningen.no)

Tlf: 404 45 828



*Frivillig organisasjon som arbeider for å bekjempe hjerte- og karsykdommer og demens. Interesseorganisasjon for personer med demens og deres pårørende.*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal:

Med våre verdier  
Retttferdig, kompetent, open og engasjert

nå vår visjon  
om ei trygg framtid for folk og natur.

Kurs og konferansar

Fylkesmannen.no

Og bedre skal vi bli

**2. og 3. DESEMBER 2014**

**Tverrfagleg konferanse om barn i «gråsona»  
på Quality Hotel Alexandra i Molde.**



Mange barn som har behov for tiltak frå barnevernet, har og behov for tiltak frå andre kommunale tenester. Kven har ansvaret og kva finns av gode felles løysingar i det vi ofte omtaler som «gråsonesaker»?

Bli med på konferansen der vi

- sett søkelyset på utfordringar og muligheiter
- presenterer gode eksempel frå kommunane
- gir nokre svar på hyppige stilte spørsmål til fylkesmannen

Målgruppe: Barneverntenesta, , NAV, helsesøster/skulehelsetenesta, barnehage, skule, koordinerande eining/ tiltak for funksjonshemma – gjerne tverrfaglege team frå kommunane.

Program for dagane med påmelding kjem i september, sjå heimesida til fylkesmannen:

<http://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Kurs-og-konferansekalender/> under Barn og foreldre